Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 | Fylke: Hordaland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Modalen
Emne: Drikk til maten til kvardags. | Bygdelag: Eksingedalen
Oppskr. av: Johs. A. Fravik, f. 1881 | Gard: Fravik
(adresse): Eksingedalen. | G.nr. 90 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle, og gamle folk som er avlidne.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Heimelsmenn fødde i 1850. 52. 55. og seinare.

SVAR

1. Mjølkebruket her nok ikkje auka, det her nok minka. Tidlegare bruka dei mjølk, sur eller skyr, til nær sagt alle mål, no vert ikkje det gjort.

2. Mjølk som tørstedrykk drakk dei ofta millom måli før. Det vert i nokon mun gjort no og.

3. Blanda til tørstedrykk, vart laga av sur mjølk, sur mysa, og ofta av brim. Når våren kom, det vart varmt i veret, drakk dei mindre mjølk, ho tok forlite tørsten i varmen. Brimblanda er det nok slutt med. Fåe er dei som koka brim, men i varonn og sumarsonn er mjølkeblanda tørstedrykken endå. Men no sidan separatorane kom, vert mjølki brukt upp meir elles kvart enn før.

4. Heimebryggja øl som kvardagsdrykk var det slutt med fyre min ungdom. Ho var nok dei som bryggja, men det var ikkje ålment. Dei som bryggja, hadde gjerne tynning eller spissøl til tørstedrykk, so lenge det vara, det var ofta at ikkje so lenge. Mange var huga smaka ølet, og dei gjorde seg ærend, og sat og prata til dei fekk øl.

Bryggja nokon til jol, eller elles onnetidene so laga dei aldri kvenst øl

5558

5. Det fyrste eg veit um, at Kaffi var i brûk her var i gravferder frå 1889-90. So skulde det mest vera i alle gravferder, elder sjûn, og so sagt sjaund. "Kva tid skal dei ha sjûni," vart spurt når nokor var avleiden.

6. Kaffien seig inn smått um senn i siste tiaret av fyrre hundraår. Frå fyrst av brukt berre ein gong for vika – gjerne sundags-morgon – so vart det kvar morgon.

7. No er Kaffien brukt tvo gonger for døgeren, bisk og non.

8. No vert Kaffien jamnast trekt. Malen Kaffi vert haut i ein pose som heng i Kaffikanna, og Kokande vatn slege yver. Kaffigruten etter fyrre gong vert ofte Kokt, og slege yver ny-malen Kaffi, ja det var berre vatnet som vart slege yver, aldri den gamle gruten, der var inkje noko att i Kaffi som var fyrst trekt og tilslutt Kokt.

Salt i Kaffien, klåreskinn, eggjeskal er ikkje i brûk, Kaffien vert klår likevel. Spå i Kaffigrut vert nok ikkje brukt, utan berre for moro og gapri.

9. Sukker i Kaffien var brukt i fyrstningi, helst Kandis elder brunsukker. Dei som brukar sukker i Kaffien no brukar raffinade

10. Ein hev fløyte, elder helvti fløyte og helvti søt mjølk i Kaffien. Ost elder vispa egg brukar visst ingen i Kaffien.

11. Te er nok ikkje kvardagsdrykk, men er i brûk av og til. Te av bringebærblad, og tyteberblad var ikkje so lite i brûk ei tid.

12. Brennevin vart ikkje brukt til kvardags.

13. Byare drykk, kjøpeøl, brûs, selters vert ikkje brukt i heimane, so langt eg kjenner til det

5558

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING